

Kyrjeklokka

Nr 3 - 2022

Kyrkjeblad for Indre Nordfjord

86. årgang

SNU OM PÅ LIVET!

Avskjedsfest for Harald Runde

Gudsteneste og nattverdsfeiring gjennom 2000 år

Friluftsgudsteneste på Brekkestova

Gudsteneste i Bombeneset

Svensk bryllup i Oppstryn kyrkje

Altertavla i Utvik kyrkje

Ny sesong med Ten Sing i Stryn

Heilt førsteklasses gudsteneste

Barnesakristiet i Innvik kyrkje er fornya

OPPSTRYNSVATNET

Foto: Geir-Ståle Vatnamo



Kjetil Netland

Kjetil Netland var tidlegare sokneprest i Stryn. Dei siste åra har han vore prost/prest i Sogn.

Språket i den vanlege omsetjinga av Bibelen er for vanskeleg for 30 % av vanlege nordmenn. Difor lagar Bibelselskapet no ei ny omsetjing av Det nye testamentet til klart språk. Setningane skal vere korte. Dei leitar etter ord og uttrykk som er lettare å forstå. I prøveutgåva «Lukas – lett å lesa» er ordet syn-darar omsett med dei som bryt Guds bod. Læresveinar har blitt til lærlingar. Og å vende om er omsett med å snu om på livet.

Målet er at alle skal kunne forstå Jesus sine ord. For Jesus vil ha med alle menneske å gjere. Det var akkurat det det handla om den dagen Jesus var gjest i Levi sitt hus:

Snu om på livet!

Jesus gjekk ut. Der fekk han sjå ein tollar som arbeidde med å krevja inn skatt. Tollaren heitte Levi. Han sat på tollbua. Jesus sa til han: «Følg meg!» Då gjekk Levi ifrå alt. Han reiste seg og følgde Jesus.

Levi laga ein stor fest for Jesus heime hos seg. Ein stor flokk med tollarar og andre gjester åt saman med Jesus og Levi. Dette lika ikkje ekspertane på lova og skriftene. Dei spurde lærlingane til Jesus: «Kvifor et og drikk de saman med tollarar og andre som bryt Guds bod?» Jesus svara: «Dei som er friske, treng ingen lege. Men det gjer dei som er sjuke. Eg er ikkje komen for å be dei som held Guds bod, om å snu om på livet. Eg er komen for å be dei som bryt Guds bod, om å snu om på livet.»

Lukas – lett å lesa © Bibelselskapet 2020

Jesus seier: Følg meg! til oss òg. Han vil at vi skal vere lærlingane hans. Han vil at vi skal snu om på livet, skifte sinn, få ein ny innsikt, snu rundt og oppfatte verda på ein ny måte. Han vil at vi skal sjå dei andre og byrje ein ny måte å leve på.

Men når Jesus seier at vi skal snu om, snakkar han alltid om å snu om til nokon, nemleg til Gud. Hovudsaka er ikkje kva vi forandrar på i livet vårt. Poenget er at vi snur oss mot Jesus og tek imot hjelp frå han.

Når vi snur om til Jesus og følgjer etter han, vert livet annleis. Jesus gjev i staden for å ta. Han gjev oss ein ny start på livet. Vi kan be til Gud og henta hjelp frå han. Han vil vere vår ven og bergingsmann. Han tilgjev oss når vi bryt Guds bod. Han gjev oss ein plass i Guds rike. Han opnar veg for oss til Gud. Snu om til han!



Den nye omsetjinga av Lukasevangeli-et finn du i boka Lukas – lett å lesa, og på bibel.no.

For redaktørens rekning

Alvorleg svikt i innbetaling til Kyrjeklokka

Av Geir-Ståle Vatnamo

Dersom alle lesarar betaler 500 eller meir i året, vil Kyrjeklokka kome attende til ein sunn økonomi. Nedgangen i inntekter frå i fjor er på kr 27.535 (12%) og auke i kostnader er på 6%. Både trykking og utsending i posten er svært store kostnader.

Du kan betale på VIPPS nr 583131,
eller til konto nummer: 0538 18 51054.



(Du kan også skanne denne koden
på vipps istaden for å skrive inn
vipps nummeret)

Det enklaste er fast trekk frå din eigen bankkonto kvart år i desember eller januar. Då gløymer ein det ikkje. Banken gjer jobben automatisk.



Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Eg er ute og køyrer. Eg skal på soknerådsmøte, og nattverdfeiringa står på sakskartet. Nattverden kan vere eit utfordrande punkt i gudstenesta for ein del gudstenestedeltakarar. Kan eg delta? Kor ofte skal eg gå? Er det greitt å ikkje delta i nattverden?

No vil soknerådet diskutere korleis det kan leggst til rette slik at alle kjenner seg inkludert i gudstenesta, anten ein deltek i nattverden eller ikkje. I gudstenesteliturgien slik han ser ut i dag, er nattverden med som ei normalordning, som eit tilbod, ikkje som ei plikt. Terskelen for å gå til nattverd er bygd ned dei siste 50 år. Det er blitt ope for born i alle aldrar. Dei minste blir med fram og får ei velsigning. Av og til knelar ein på alterringen som før, andre gonger blir nattverden delt ut i midtgangen. Av og til brukar ein beger til vinen, andre gonger dyppar ein brødet i det store vinbegeret, såkalla intinksjon. Dei som har problem med å gå gir eit signal, så blir nattverden gitt der ein sit i kyrkjebenken. Alle er velkomne, men alle treng ikkje

gå fram, alle må gjere det dei kjenner er rett for seg. Mange kyrkjegjengarar vaks opp i ei tid då ein kanskje gjekk til nattverd berre ein gong i året, andre opplevde at gudstenesta rett etter konfirmasjonen hadde obligatorisk altergang. Det er ein stor overgang frå dette og til dagens ordning og praksis. Kvifor skjedde denne endringa?

No har vi nærma oss den opphavlege gudstenestefeiringa, slik dei fyrste kristne feira det og slik det blir feira i dei fleste kristne kyrkjesamfunn over heile verda. Nattverden er med som ein fast del av gudstenesta. Men det er opptil kvar enkelt om ein vil gå fram. Det ligg ingen kritikk eller nedvurdering av den som vel å sitje i kyrkjebenken under nattverden. Dei som sit att kan synge med på Agnus Dei (Du Guds lam). Eller ein kan lytte til musikken, kjenne på pausen, freden som råder i kyrkjerommet, late att augo.

For nokre år sidan vart det gjort ei større undersøking av kva setning ein mest av alt ønska å høyre frå

dei rundt seg. Desse tre kom på topp: 1: Eg elsker deg. 2: Eg tilgir deg. 3: Maten er klar. Eg synest at desse tre setningane lyder kvar gong vi feirar nattverd. Jesus innbyr oss med nåde og kjærleik og serverer fellesskap og tilgjeving for synder i brødet og vinen. Han elsker og tilgir også den som sit att i kyrkjebenken, sjølv om det vart nei takk til mat denne gongen. "Mysteriet i trua er stort. Kristus døydde, Kristus sto opp, Kristus skal kome att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden". Dette er det vi feirar i kvar gudsteneste. Kva var det soknerådet kom fram til? Det vart ingen konklusjon på korleis ein skulle sikre god inkludering, men det kom forslag om at underteikna skulle skrive noko i Kyrkjelokka. Det har eg no gjort, og for den som er interessert har eg og skrive noko om den historiske utviklinga av innhaldet i gudstenesta vår. Og som de ser, - den er forbausande lik den læresveinane gjennomførte saman med dei aller fyrste kristne. God lesing!



DEN NORSKE KYRKJA

Stryn kyrkjelege fellesråd

Kyrkjevevja

Kari Synnøve Muri

TRUSOPPLÆRINGA – PERSONALNYTT



Bendik Kvamme og Elisabeth Skarstein er vikarierende kyrkjelydspedagogar det komande skuleåret

Vi ynskjer velkomen ein ny tilsett i Trusopplæringa: Bendik Kvamme, frå Oldedalen - no busett i Olden. Han er tilsett i eit årsvikariat i 50%, som han kombinerer med studiar ved Høgskulen i Volda.

Vi er og glade for at Elisabeth Skarstein held fram i ei deltidstilling det komande skuleåret.

Bendik og Elisabeth deltek i konfirmantarbeidet, og leiar gjennomføring av Trusopplæringstiltaka for dei ulike aldersgruppene.

Baby-song held fram med Laila Thastum Sunde som leiar.

Guro Petronella Nordnæs-Enerhaug har søkt om redusert stilling

det komande året. Ho held fram i ei lita stilling knytta til Ten Sing.

Kateket Beate Nes er framleis hovudansvarleg for all kyrkjeleg undervisning, det komande året i 80% som kateket. I dei resterande 20% vil Beate fungere som vikarprest, m.a. med ansvar for nokre gudstenester.

Sjølv om vi har gode krefter på plass, vert det samla sett ein periode med noko redusert bemanning i Trusopplæringa. Dei ulike tiltaka vil bli gjennomført så langt ressursane rekk, og vi ser fram til å møte mange born og unge, og vere «Saman om Skatten»!

Kyrkja i Indre Nordfjord



Stryn kyrjekontor

Tlf 57 87 61 80

Postadresse: Tonningsgata 4, 6783 Stryn

Besøksadresse: Rognehaugen 11

Kyrkja@stryn.kommune.no

www.stryn.kyrkja.no

Kontortid: måndag, onsdag, torsdag og fredag

09.00 - 15.00, tysdag 10.00 - 15.00

Kyrkjevevje Kari Synnøve Muri

kari.muri@stryn.kommune.no

tlf 913 27 882

Sekretær Margrete Lillestøl tlf 578 76 181

Sekretær Anne L. Honningsvåg 578 76 181

Prestane

For Oppstryn, Loen og Nedstryn

tlf 578 76 185

Sokneprest Henny Koppen, Mobil 948 32 875/

916 01 630

henny.koppen@stryn.kommune.no

For Randabygda og Nordsida

Tlf 578 74 948

Sokneprest Hege Høibye, Mobil 930 01 473

hege.hoibye@stryn.kommune.no

For Utvik, Innvik og Olden

Vikarierende sokneprest Kaare Michael Christoffersen, Mobil 404 73 335

kaare.michael.christoffersen@stryn.kommune.no

Hornindal sokn

mobil 957 69 292

sokneprest Per Kristian Hovden Sætre

per.kristian.hovden.satre@volda.kyrkja.no

Trusopplæringa

Kateket Beate Nes tlf 57 876 183

beate.nes@stryn.kommune.no

Volda kyrjekontor

Tlf 70 07 40 90

Rådhusgata 6a, 6100 Volda

Kyrjekontoret@volda.kyrkja.no

www.volda.kyrkja.no

Kontortid: Må, ty, to og fre kl 10.00 (on 10.30).

14.00

Kyrkjevevje Jostein Stråbø

kyrkjevevja@volda.kyrkja.no

tlf 916 63 549



[kyrkjaiindrenordfjord](https://www.instagram.com/kyrkjaiindrenordfjord)



[kyrkja i indre nordfjord](https://www.facebook.com/kyrkja.i.indre.nordfjord)



stryn.kyrkja.no

Avskjedsfest for Harald Runde

Av Geir Ståle Vatnamo



Årane inn



Marsipankake



Harald og Kari skjær kake



Publikum et betasuppe



Jenter frå Olden Barnekor og Olden Soul Children startar festen med flott song. F.v.: Vilde H. Vanberg, Mathea og Elina Aabrekk Lie, Synnøve Linnea Brynstad Røyarhus og Emma Mariell Høgalmen.



Den nye prosten helsa frå biskopen



Jostein By takka frå Fellesrådet



Ordføraren helsa frå kommunen

16. juni inviterte sokneråda i Utvik, Innvik og Olden, saman med fellesrådet, Harald og Kari til avskjedsfest på Innvik fjordhotell. Alle som ville kunne kome, og det blei mange. Det var stappfullt med folk rundt alle borda.

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri ynskte velkomen og ho gjekk rett på sak: Denne samankomsten er eigentleg vemodig, men: det er heldigvis ikkje noko minnesamvær,

men eit «festsamvær»! Vi skal takke og feire han Harald for lang og trufast teneste (32 år) i Stryn. Prost Mari Saltkjel helsa frå biskopen og dei andre prestane i kommunen: «Du har evne til å møte bygdefolket på deira eigen arena både i glede og sorg. Det står som det sterke minnet etter åra i Innvik», avslutta Mari Saltkjel.

Ordførar Per Kjøllesdal sa det slik: «Harald er trygg og lett å snakke med. Ein mann som kjenner folket

og har vore til å stole på. Og når du har vore så lenge som 32 år, har vi vel ikkje vore heilt umoglege vi heller», avslutta ordføraren med eit smil om munnen!

Det mangla ikkje på blomehelsingar og gåver. Soknerådsleiarane i Utvik, Innvik og Olden kom marsjerande inn med eit par treårar og la til: «Det går rykte om at du Harald har båt, men ikkje årar. Dette er eit symbolsk uttrykk for at no legg du

inn årane etter årelang og trufast teneste!» Harald og Kari fekk ei gåve til frå sokna: Eit stort bilete av alle kyrkjene i Innvik prestegjeld.

Kateket Beate Nes helsa frå kollegaene. Ho hadde fylt ei korg med ymse ting til pensjonisttilværet.

Det var solbriller, som Harald kan bruke når han skal slappe av, og hjerte som skal minne han om å be for oss.

Harald helsa oss frå 1. Kor. 3, 6-9 der det står: «Eg planta, Apollos vatna, men Gud gav vekst. Så er dei

ikkje noko, korkje den som plantar eller den som vatnar. Berre Gud er noko, han som gjev vekst. Den som plantar og den som vatnar, er eitt, men dei skal få løn, kvar etter sitt eige arbeid. For vi er Guds medarbeidarar, de er Guds åkerland, Guds bygning».

ALLE SKAL MED - ALLE TEK ANSVAR

Av Henny Koppen

I år feirar vi frivillig-året. Vi gjer stas på alle som brukar litt av fritida si på andre, DEI SOM skaper gode tilbod og trygge miljø for alle aldrar. Og så held ein høgt dette mottoet: Alle skal med!

Og ja, - vi vil gjerne inkludere alle, også i våre samanhengar i kyrkja og dei kristne organisasjonane. Men har du tenkt over at dette er umuleg om vi ikkje også løftar ei anna fane: Alle tek ansvar!

For vi får ikkje med alle om ikkje langt fleire engasjerer seg. Vi finn

tid til mangt og mykje gjennom dagane, og det treng ikkje ta all tid om vi tilbyr oss å ta eit tak i det kristne arbeidet der vi bur. Barnekor, søndagsskular, ten sing, hyggestunder, ungdomsklubb, speidarar, - alle ber om fleire vaksne som tilbyr seg. Det finst gode opplegg, kurs og rettleiarar, men ingen stiller «på berr bakke». Alle kan noko som dei kan bidra med. Gleda over å få vere med å gjere noko for andre må ein berre erfare.

Fredagskafeen på Triangelen (Telegrafan) treng vaksne støtteper-

sonar (ikkje vakter), i Loen treng vi barnekor, og trusopplæringa treng folk i alle bygder.

Som speidarleiar i Stryn ber eg om hjelp til dette: I år manglar vi leiarar for å kunne tilby speiding til 3. klassingane. Og vi manglar leiar til gutar i 6. klasse. Ta kontakt med prestekontoret og tilby deg. Vi vil gjerne ha alle med, men då må alle ta ansvar.



**STRYN BARNEKOR
OPPSTART!**

Tid: Torsdag kl 17.45 - 18.45
Stad: Betania (Myrane 14)
Gruppe: 5 år - 7. klasse

**Første øving
torsdag
8. september**

Facebook: Meld deg inn
i "Stryn Barnekor" for
informasjon og spørsmål.

Velkommen til song!

Dirigent: Bjørg Jorunn Vinsrygg Steen

Kyrkjelydskalenderen 2023

Har du eit flott naturbilete til kalenderen vår?

Bileta må vere frå sokna Oppstryn, Nedstryn eller Loen.

Hugs å skrive kvar det er teke og namn på fotografen.

Ta gjerne kontakt for meir informasjon.

E-post: nina2nina@live.no

Merk: Kyrkjelydskalender 2023

Gudsteneste og nattverdsfeiring gjennom 2000 år

av Henny Koppen

I Det nye testamentet står det mange stader om at dei kristne samla seg. Dei var saman om ordet, brødsbrytinga og bønene, slik vi er i dag. (Ap. Gj 2,42)

Kring år 100: Grunntrekka av gudstenesta blir danna

Vi veit ikkje så mykje om detaljane rundt det, men alt drygt hundre år seinare fortel kyrkjefaderen Justin Martyr følgande:

” På den dag som kalles solens dag, samles alle, enten de bor i byene eller på landsbygda. Man leser fra apostlenes erindringer eller profetenes skrifter så langt tiden tillater. Når den som leser, har sluttet opplesningen, sier forstanderen et formaningsord der han oppfordrer oss til å etterleve de gode ting vi har hørt. Deretter reiser vi oss alle og lar bønnen stige opp. Når vi har avsluttet bønnene (...) bæres det frem brød, vin og vann, og forstanderen fremsier etter sin nådegave bønn og takksigelse. Og til dette sier menigheten jublende ”Amen!” Deretter skjer utdelingen til hver enkelt, og vi nyter det slik det har blitt holdt takkebønn over. Til dem som er fraværende, sendes brød og vin med diakonene. De som har overflod, og som er villige til det, de gir av sitt...”

Her ser vi grunntrekka av det som framleis er kjernen i gudstenesta.

300-talet: Kristendommen får ei offentleg rolle

På 300-tallet blei Romarriket kristna, og gudstenestene fekk eit meir offisielt preg, med større kyrkjebygg, prosesjonar

og songkor. Mange trekk i vår gudsteneste stammar frå denne tida. Gudstenestespråket var latin, som var fellesspråket for heile Romerriket. Dette heldt seg heilt til reformasjonen, og difor står framleis fleire av overskriftene på gudstenesteledda på latin, slik som:

Gloria, (ære; lovsong) *credo* (truvedkjenning) *sanctus* (heilag) og *agnus dei* (Guds lam). Dei to siste gjeld nattverden.

1500-talet: Reformasjon og fornying

Etter den lutherske reformasjonen på 1500-tallet heldt ein fram med å feire den gudstenesta folk var vant til, men preikene blei mykje viktigare, og nokre av dei latinske messeledda blei etter kvart bytt ut med salmar på folkespråket.

Vår tid: Gudstenestereform og tilnærming mellom kyrkjene

I vår tid har mange kyrkjer i verda, også den norske, fått liturgiar som liknar stadig meir på kvarandre, og er inspirert av forbilde frå oldkyrkja.

Gudstenesta i Norge er blitt redigert fleire gonger. Til dømes i 1977, då ein tok i bruk ny musikk og ei fornying av tekstane. På starten av 2000-tallet vedtok Den norske kyrkja ei gudstenestereform som resulterte i nye liturgiar vedtatt på Kyrkjemøtet i 2011. Her vart det presisert at nattverd er ein del av gudstenesta, men at det finst unntak.

Det er sjølv sagt ikkje er plikt til å delta. Men det skal vere eit tilbod om å ta del i sakramentet, der Gud er nær på ein særleg måte.

Om deltaking i gudstenesta

Gudstenesta er ikkje ei forestilling, gudstenesta lagar vi saman, kvar gong. Den er ein felles henvendelse til Gud. Kyrkjelyden deltek i liturgien med syndsvedkjenning, truvedkjenning og Fadervår, med kyrie, gloria, prefasjonsdialog, Guds lam, fleire verbale svar under nattverden, svar under velsinginga og sjølv sagt salmesong.

Kva er nattverd?

Nattverd har vore feira i den kristne kyrkjelyden gjennom to tusen år. Det er ei heilag handling som knyter saman livet her med det evige. Tanken med den halve alterringen er at måltidet knyter oss saman med dei som har gått før oss ut av tida. Desse høyrer til i den halve sirkelen som vi ikkje ser. Symbolsk er dette måltidet reisekost på vandringa gjennom livet.

I små kyrkjelydar, som vi har fleire av, er det mange omsyn å ta, og det vi ynskjer mest av alt er at folk skal kjenne seg heime i gudstenesta og ynskje å delta i det som skjer. Vi håpar å legge til rette for dette på beste måte. Vi må prøve å kome fram til gode løysingar som inkluderer alle, utan at vi går på akkord med det gudstenesta og liturgien skal vere.

Vi feirar altså gudsteneste slik dei fyrste kristne feira den, til minne om Jesus si oppstode frå dei døde. Slik står det skrive om den fyrste pinsedagen, den som fann stad 50 dagar etter at Jesus sto opp frå dei døde: «Dei som tok imot bodskapen hans, vart døypte, og den dagen vart det lagt til om lag tre tusen menneske. Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene». (Ap. Gj. 2,42)

Friluftsgudsteneste på Brekkestova

Tekst: Kari Synnøve Muri og Geir-Ståle Vatnamo. Foto: Geir-Ståle Vatnamo



Kyrkjelyden ved Brekkestova

7. august arrangerte soknerådet i Utvik friluftsgudsteneste ved Brekkestova. Det er blitt ein tradisjon med ei felles gudsteneste i Den store Katedralen på Utvikfjellet. Dette året valde ein å vere ved Brekkestova, som for nokre tiår tilbake var vanleg samlingsplass når folk frå begge sider av fjellet sette kvarandre stemne. Også denne gongen var der folk frå både Breim og Utvik og bygdene ikring.

Vi fekk møte den nye vikarpresten Kaare Michael Christoffersen. Han leia gudstenesta på ein god måte og forkynte Guds ord klart og reint.



Godt samspel

Veret var tåleg bra tidleg i gudstenesta, men så byrja det å drype litt. Då var den store paraplyen til kyrkjevevja god å ha når organist Anders Kvile skulle til med «speledåsen» sin. Saman med Linda Gytri på melodika utgjorde dei ein flott musikalsk «duett». Begge er svært musikalske og syntest godt samstemte. Trekkspillet høver svært bra til friluftsgudsteneste. Som

postludium spelte dei eitt av stykka som Linda har komponert: «Vetle». Nydeleg!



Kaffikos inne

Kyrkjevevje Kari Synnøve Muri var så vidt ferdig med dei 9 slaga, så ausa regnet ned. Då var det godt å kome under tak i den trivelege Brekkestova med lafta tømmer, trebord og –benkar. Reine hyttetur. Varm kaffi, brødsriver, sjokoladekake, banankake og anna godt kom vel med. Godt ver ute til å vere inne i. Kaare prest nytta høvet til å handhelse på oss alle med varme handtrykk og eit lunt smil. Det varma godt. Ei særleg takk til Roar Verlo som tok på seg jobben med å klargjere området på førehand!

Kyrkjelokka tok seg tid til ein ekstra prat med presten:

På dialekt er han ein ekte Grimstad-gut. Med andre ord sørlending med «bløde» konsonantar – i motsetning til ein stryning. I oppveksten var Kaare ein lovande fotballspelar på elitenivå, og er heilfrelst Newcastle-supporter.



Kaare Michael Christoffersen

I dag er han glad at han valde teologien og som han sjølv seier: «Som prest får æ god bruk for det gode lagspillet som fotballen har lært mæ.»

Vi trur at Kaare Michael Christoffersen er ein god lagspelar både offensivt og defensivt. Han skal ta seg av oss frå vogge til grav. Han er glad i ungdomsarbeid og ser det som si store oppgåve å forkyne Guds ord klart og reint, slik det står.

Kaare har utdanninga si frå MF (Menighetsfakultetet) og TF (Teologisk fakultet) ved Universitetet i Oslo.

Før har han vore ungdomsprest på Mortensrud i Oslo. Elles har han fleire år bak seg frå Vågsøy og Nordfjordeid.

- *Kvifor valde du Stryn?*

«Eg trur at Gud vil ha meg her!» svarer den ungdommelege presten på 38 år.

- *Har du noko anna fritidsinteresse enn fotballen?*

Ja, eg spiller bass.

- *I musikkorps?*

«Nei, bassgitar. Eg stiller meg gjerne til disposisjon dersom nokon treng meg.»

Då foreslår Kyrkjelokka at han spelar på lag med Anders Kvile og Linda Gytri! Kanskje får vi storband-jazz i Stryn?

OLSOKGUDSTENESTE I OLDEN GAMLE KYRKJE

Tekst: Reidun Brynstad, foto: Kari Synnøve Muri



Olsokgudsteneste på tradisjonelt vis. Vi er glad for at samfunnet har opna oppatt, så vi kan gjennomføre denne kveldgudstenesta. Hege heldt ei fin tale, som naturleg nok, handla om Olsok.

Denne dama har ei flott songstemme. Den fekk vi glede av, både i salmesongen og når ho baud på nokre soloinnslag. Vakkert!

Det var vel heller dårleg oppmøte denne kvelden, og det trur vi skuldast at det endeleg vart fineveir! Men dei som var tilstades fekk ei fin stund, som vi avslutta med kyrkjekaffi og god prat ute på kyrkjebakken.

På bildet, frå venstre: Ingolv Muri, Paul Zuijdam, Hege Høbye og Oddvar Bergset.

SALMEKVELD I OLDEN KYRKJE

Tekst og foto: Reidun Brynstad



Olden Singers, foto: Marit Opheim

Soknerådet har lenge hatt planer om å få til ein salmekveld, og 30. juni lukkast det.

Organisten vår, Galya Radeva, skal ha mykje av æra for dette, i lag med musikktualet.

Olden Singers, som har Galya som dirigent, deltok.

Musikarane Ander Viktor Kvile,



Musikarane Kyrre Johan Nordnæs-Enerhaug, Jan Nygård og Anders Viktor Kvile

Jan Nygård og Kyrre Johan Nordnæs-Enerhaug var henta inn som eksterne deltakarar.

Koret hadde sine innslag åleine. To frå koret, Marit Skarstein og Solrunn Åbrekk, var solistar ilag med Galya på piano.

Galya fekk òg høve til å bruke den



Publikum

fantastiske songstemma si, i eit par solonummer.

Publikum fekk delta når alle utøvarane var med i salmesongen. Dette var ein fin måte å bli betre kjend med nokre av salmeskattane våre. Og tilbagemeldingane lydde på at dette må vi få til fleire gonger. Ein vellukka kveld.

Takk til utøvarar og publikum!

FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ SUNDSHAUGEN I OLDEN

11

Tekst og foto: Reidun Brynstad



Her vert vesle Benjamin døypt.



Galya Radeva og Elise Sandøy Skarstein sytte for fin musikk.

Søndag 12.juni var det tid for den tradisjonelle utegudstenesta på Sundshaugen.

Det knytter seg alltid stor spenning til veirmeldingane, og om vi kan re-kne med opplett og helst sol. I år låg det ikkje an til det, so vi lånte eit telt av Frode Briksdal, det kom vel med!

Dette var Harald Runde si siste gudsteneste i Olden sokn, og det var barnedåp.

For første gong hadde vi lydanlegg her oppe, og det fungerte fint. Galya og Elise sytte for fin musikk denne dagen. Frammøtet var godt, trass surt veir.



Ein del av kyrkjelyden.

Dette var mykje takka vere dåpsføl-gjet, som var omtrent 30 i talet.

Nok ein gong eit fint arrangement i Guds frie natur, der Harald fekk takk og gode helsingar frå mange

frammøtte.

Folket i Sundsgrenda sytte, som vanleg, for nyslegen stemneplass og kyrkjekaffi. Takk!

SOMMARKONSERT I OLDEN GAMLE KYRKJE

Tekst: Reidun Brynstad

Søndag 3. juli kunne Olden sokne-råd endeleg invitere til kyrkjekon-sert i gamlekyrkja igjen, i samband med Oldedagane.

Utøvarar denne gongen var Lin-da Gytri og Ander Viktor Kvile. Ho trakterer trekkspel, og han tangetinstrument. Dei var føres-purde tidleg i vår, og takka ja til å snekre i hop eit konsertrepertoar. Og for eit repertoar! Her var spenn-vidda stor. Frå Linda sine vare, ei-genkomponerte stykke, tileigna både fadderguten og bestemora, til Anders sin spreke idè om å spele

tema frå Super Mario 64.

Ekstra stor applaus hausta det, då Linda baud på ei urframføring av eit stykke som Michael frå Neder-land hadde komponert til si kjære Aitana frå Spania. Ein svært roman-tisk gest. Desse to jobbar på Gryta camping, der Linda er vert.

Anders drog i gong ein heftig im-provisasjon, som òg hausta stor ju-bel.

Samspelet mellom desse to fun-gerte veldig bra. Dei er verkeleg eminente musikarar. Når dei kry-dra det heile med litt forklarande,

lun småprat i mellom stykka, vart dette ei konsertoppleving av dei store.

Publikum kvitterte med ståande applaus, og gav seg ikkje før tre ekstranummer var unnagjort, det seier vel sitt.

Dei ca.110 som hadde møtt opp, var fulle av lovord i etterkant.

Vi i soknerådet er glad for nok ein vellukka konsert med lokale kref-ter.

Takk Linda og Anders!

Gudsteneste i Bombeneset

Tekst og foto: Olaug Mork



Oppstryn sokneråd har tradisjon på hausten å invitere til utegudstjeneste i Bombeneset. Vi var om lag 35 personar som samlast denne føremiddagen 21. august. Ekstra kjekt var det å møte førsteklassingar som fekk utdelt bok og konfirmantane som vart presenterte av kateket Beate Nes. Beate Nes og Berta Urke Berge leia gudstjenesta, og Anders V. Kvile var musikalsk ansvarleg. Erling Gjørven ringde med den flotte klokka som vi er så heldige å få nytte. I preika snakka Beate bla om slaveri - om det fortsatt finst? Ordet «slave» er for mange eit ord frå fortida. Slaveri kan i dag vere så mangt, men menneskehandel er fortsatt ei stor kriminell næring og er slett ikkje berre i utviklingsland.

I vår kvardag med mykje bruk av sosiale medier bør vi vere flinkare å bruke tid på å sjå den nært oss som slit og som treng å bli sett, for på den måten å gi kjærleik.



Navn på konfirmantane : Markus Blakset Guddal, Jenny Aurora Berstad Breidablikk, Mari Skaare, Emma Nytun Grønfar og Caroline Nygård Berstad
(Ikkje tilstades: Vegard Guddal)

«Kyrkjekaffi» vart det etterpå med mykje godt attåt, og ein god prat.

Svensk bryllup i Oppstryn kyrkje

Tekst og foto: Geir-Ståle Vatnamo



22. juli 2022 gifta Per Hedberg og Jannice Rahm seg i Oppstryn kyrkje i strålende solskin, med Guds eigen naturkatedral som ramme.

Begge to er svenske og har feriert mykje i Norge. Dei er imponert og fasinert av den norske naturen med høge fjell og flotte fjordar. Då dei skulle gifte seg, fann dei ut at Oppstryn kyrkje med sin naturlege plassering i landskapet, var ein perfekt plass for eit bryllaup. Som tenkt så gjort. Dei tok kontakt med Stryn kyrkjekontor for å avtale dag og tid. Då bryllaupsdagen kom, var veret heilt perfekt. Når ein veit kor dårleg ver vi har hatt i sommar, må ein ha lov til å tru at Vår Herre har styrt veret også denne dagen.



Etter fotografering ved Strynevatnet skulle dei vidare til Grotli Høgfjellshotell for å feire. Då kan vi nok ein gong konkludere med musikaren Per Bolstad, som laga musikken til «Fagre Stryn»!



Altartavla i Utvik kyrkje

Tekst: Leiv Tore Kårstad. Foto: Geir-Ståle Vatnamo



Altartavla i kyrkja vår i Utvik er både vakker og har ei spennande historie.

Altartavla er frå 1617 og vart laga til den forrige kyrkja. Denne korskyrkja var då ny og stod på same stad som kyrkja i dag står. Der stod ho i om lag 220 år og vart riven då kyrkja i dag var bygd og innvigd i 1840. Det nemnast at altartavla truleg er laga i Bergen. Ein annan teori som nemnast i «Aalandsboka», er at både altartavla og preikestolen kan vere laga av ein presteson frå Jølster, busett på Rise i Stryn; Oluf Pedersen. Han var

den første deknen (klokkar) i Innvik prestegjeld og skulle vere uvanleg flink med treskurd og måling. «Truleg var han meister for både altartavla og preikestolen i dei to Strynekyrkjene og Vikakyrkjene», skriv sogegranskar Jakob Aaland. Ei mogleg innvending mot Aaland si gissing er alderen. Oluf Pedersen var fødd i 1594, og såleis berre 16 år då tavla i Nedstryn skal vere laga. Sjølv i 1617 var han ein ung mann på berre 23 år.

Tavla er i høgrenessansestil med kasettornamentikk, tredelt og med gavlkrona og sidegavlar. Tavla har

stor likskap med andre frå same tidsrom, mellom anna tavla i Ålfothen og i Loen. Tavla er ei kombinert katekisme- og bilettavle, og delt i seks like store felt. Dei tre nedste feltene inneheld dei sentrale orda, i gotisk gullskrift på svart botn, til venstre Fadervår, og i midten og til høgre Nattverdsorda. Over desse er ei rekkje med tre måleri. Imidten Kristus på korset, til venstre Maria, Jesu mor, og til høgre truleg Maria Magdalena. Ramma er rikt dekorert med måla treskurd. Toppstykket har eit måleri av den sigrande Kristus, med kors og sigersfane. Toppstykket har ei trekanta møne-

forma avslutning, med tilsvarande avslutning over sidefelta, i kvar av desse tre trekantane er det måla ein engel.

Ein gong på 1800-talet vart tavla overmåla. Ho fekk då eit blått midtfelt med ein raud kross. På sidefelta var det kvite stjerner på raud botn, og bileta i toppstykket var overmåla med blå farge. Denne overmåla tavla gav nok eit mykje magrare inntrykk, og var truleg

grunnen til at tavla vart bytta ut i 1902 då kyrkja var ombygd. Tavla vart teken frå kvarandre, satt først på kyrkjeloftet og i cirka 1950 flytta til Bergen for tryggare lagring. I tida 1902-1968 var måleriet «Jesus i Getsemane» altertavle, måla av Anders Orheim. Dette er ein kopi av altertavla i Askvoll kyrkje, laga av Anders Askevold. Denne tavla heng no i kyrkjeskipet, på veggen mot fjorden.

Då altertavla vart sett tilbake i kyrkja i 1968, etter at koret var gjort større, var den restaurert av konservator Bjørn Kaland ved Riksantikvariatets Vestlandsatelier. Alle biletfelta var, ved ein spesiell teknikk, ført tilbake til det opphavslege, i det overmålingane var fjerna. Dette var eit nøyaktig og tidkrevande arbeid, og tavla kom tilbake med sine dempa fargar med den originale målinga frå 1617.

Bubilcamping på kyrkja sine parkeringsplassar

Tekst: og foto: Geir-Ståle Vatnamo



I fleire år har det vore ei utfordring med bubilcamping på parkeringsplassane ved kyrkjene. Utvik kyrkje har allereide eit «camping forbode»-skilt på bårhuset. I sommar måtte det også kome opp skilt i Innvik. Bubilane tek opp mykje plass, særleg viss det skal vere eit arrangement med mykje folk og bilar. Dessutan vert ofte søpla frå desse bubilane tømt i kyrkjecontaineren. Soknerådet seier at skiltet har allereide hatt stor verknad.



Ny sesong med Ten Sing i Stryn

Stryn sitt Ten Sing kor, Sight Sing, har starta opp ny sesong med eit nytt styre som er ivrig etter å få med fleire medlemmar i koret. Denne sesongen vert det i tillegg til kor, dans og drama, gitt tilbod om å prøve å spele i band, samt lære om lydteknikk. Difor er vi interessert i at enno fleire medlemmar vil vere med og delta på dei ulike aktivitetane. I Sight Sing treng vi ulike folk. Nokon likar å stikke seg fram og delta som solistar og tek roller i drama. Andre likar å stå i koret og ikkje få merksemd på seg sjølv. Uansett kan Sight Sing vere ein god stad å vere. Saman skal vi skape eit godt fritidstilbod i Stryn kommune der alle skal oppleve å vere inkludert i aktivitetar og høyre til.

I Ten Sing får ungdommen vidareutvikle seg, lære meir, lære vekk og vere saman med vener på tvers av alder i eit sosialt miljø. Ten Sing er eit trygt og inkluderande miljø å vere i, der ungt ansvar og vaksenærver gjeld. Det vil seie at dei unge er med på å ta avgjersler, og kan få ansvar for ulike oppgåver som å planlegge songar, lage drama og dansar, samt hjelpe til med oppgåver i løpet av øvinga. Dei unge er dermed med på forme tilbodet i stor grad. Dette skjer i samarbeid med dei vaksne som alltid er der. I år er det Guro Petronella A. Nordnæs-Enerhaug og Lillian Rebni Heimlid som har det daglege ansvaret for å ta vare på ungdomane og sørge for å halde hjula i gong. Dette arbeidet gir stor glede og vi ser fram til å vere i lag og utveksle energi.



Det nye styret og vaksenleiarane er klare for eit nytt år med Ten Sing. Styret består av frå høgre: Frida Heimlid Øiestad, Beate Heimlid Øiestad, Marie Vollan Skreistrand, Amanda Gjøvåg Heggstad, Matilde Fjellvang. Framme Tuva Rebni Heimlid.

I løpet av året vert det i tillegg til øvingar reist på leirar og treff der ein møter andre ungdomar frå fylket og nabofylka. Det første som står for tur er Hausttreff på Nesholmen.

Alle ungdomar i Stryn kommune mellom 13-19 år (elevar på ungdomsskule og vidaregåande) er hjarteleg velkomen til å vere med i Sight Sing! Håpar vi sjåast på torsdagar 19:00-21:00 i Betania!

Helsing alle i styret, Guro og Lillian.



Guro Petronella A. Nordnæs-Enerhaug og Lillian Rebni Heimlid er vaksenleiarane som utgjer det vaksne nærværet på Ten Sing-øvingane.



Heilt førsteklases gudsteneste

Tekst og Foto: Geir-Ståle Vatnamo



Raud løpar og ballong



Dei viktigaste inviterte kom syklande

14. august blei det arrangert ei utruleg bra gudsteneste i Utvik kyrkje. Førsteklassingane saman med foreldre var invitert. Kateket Beate Nes var åndeleg arkitekt. Kaare Michael Christoffersen var liturg og leia gudstenesta.

Ute var inngangsporten pynta med ballongar. På asfalten var det lagt raud løpar. Ved trappa stod det små barnesyklar som fortalde at her er det dei minste som er invitert.

Det var flott å høyre borna synge: «Om jeg er liten eller stor, så er det best for meg på jord, å høre Jesus til, og gå den veg han vil. Det er det som gjør meg lykkelig».

Borna hadde med seg nye skulesekkar. Då dei blei ropt opp med namn, gjekk dei fram og fekk utdelt 6-årsboka og ein pyntestein som skulle minne dei om at Jesus går med. Dette var verdifullt å ha i sekken.

Før matøkta blei det lagt papirduk i midtgangen. Dermed var det fritt fram for pølser, brød og saft som gjekk ned på høgkant.

Til slutt var det bønnevandring med bøn for nytt skuleår.



Alle får 6-årsbok og Jesus-stein



Kjempegodt med pølse i brød og saft. Beate er servitør.

Barnesakristiet i Innvik kyrkje er fornya

Tekst: og foto: Geir-Ståle Vatnamo



Etter mange tiår med slitasje var det heilt nødvendig med fornying. På grunn av vasslekkasje og slitasje, vart det lagt nytt golv oppå det gamle. Då inventaret måtte ut, fann ein ut at den gamle kjøkkenbenken burde skiftast. Det har resultert i nytt kjøkken. Underskapa

inneheld no kjøleskap, brannskap med ny brannslange, nytt røropplegg og varmtvannstank.

Arbeidet er i hovudsak utført av dei kyrkjeleg tilsette i vinterhalvåret då dei hadde ledig kapasitet. Dessutan fekk ein god hjelp av lokal snek-

ker og rørleggjar. Else Marit Nesdal Paulen i Innvik sokneråd seier til Kyrjeklokka at det har vore godt lagarbeid mellom kyrjekontoret og soknerådet. Ho seier vidare at ho er glad for all fornying fram til 200 års jubileet i 2024.

NMS Gjenbruk,
eit skattekamer for deg
som elsker gjenbruk –
og kloden vår!

Eidsgata 5,
6770 Nordfjordeid
Telefon 404 45 420

Måndag–laurdag 11-15
Torsdag 11-16.30



nmsgjenbruk.no

Konfirmantar i Olden

F.v.: Margrethe Krogh Opheim, Lena Maria Gjerde Mangard, Elvira Flo, Emma Mariell Høgalmen, Benjamin Beinnes Strand, Sanne Kvame Gulliksson, Oliver Rustøen, Tormod Agjeld, Martine Skarstein.



Konfirmantar for 2022-23

Konfirmantar i Innvik



F.v.: Linnea Hilde, Mari Hatling Skåden, Tuva Aarreberg Skåden, Emma Gjerde Årdal, Marco Gjerde Nesdal, Olav Opdal Reme, Eskil Hjelmeseter Frøholm, Vilhelm Reme.



Min salme

ved Harald Runde

Det er mange vakre salmar. Både melodien og teksten er avgjerande for om ein likar ein salme. Og ein skal ha sunge salmen ein del gongar før salmen kan kallast «min salme».

Den salmen eg vil kalle «min salme» er: «Det er navnet ditt jeg roper». Den står i salmeboka på nr. 434. Salmen var opprinneleg skriven på engelsk i 1987. Den vart oversett til norsk av Hans Olav Mørk i 1999. Hans Olav Mørk tok til på teologistudiet på MF samstundes med meg. Han hadde med seg gitaren og sang mange salmar som han hadde dikta sjølv og andre som han hadde oversett til norsk.

Grunnen til at eg vil kalle denne salmen for «min salme», er at den har ein flott melodi og teksten er personleg utfordrande og har eit kall i seg. Samstundes er det eit løfte i salmen om at Herren Gud, vil vere med på vandringa. Salmen har vi m.a. brukt i konfirmasjonar og i konfirmantsamlingar.

I første verset, er det Herren som kaller og ropar oss på namn. Han spør om vi vil trå i hans fotspor. Det vil kanskje koste for oss å følge Herren på en ukjent vei. Vil vi «kjennes ved hans navn»? «Sorg og savn» er ein del av livet, som vi ikkje kjem utenom. Men vi skal få «hvile i hans favn», det er eit godt løfte å ta med seg.

I andre verset, står: «Vil du ta det første skrittet, vil du følge meg»? Å ta det første skrittet, er det som kostar. Det å skulle ta standpunk-

Det er navnet ditt jeg roper, vil du følge meg?

Oversett av: Hans Olav Mørk

Det er navnet ditt jeg roper,
vil du følge meg?
Vil du trå i mine fotspor på
en ukjent vei?
Vil du kjennes ved mitt navn,
vil du møte sorg og savn,
vil du hvile i min favn
og la meg bli hos deg?

Vil du ta det første skritt,
vil du følge meg?
Vil du gå til mine minste
på en ukjent vei?
Vil du tåle onde blikk,
stå igjen når noen gikk?
Du skal gi dem alt du fikk,
for jeg vil bli hos deg.

Vil du åpne blindes øyne,
vil du følge meg,
se at fanger får sin frihet
på en ukjent vei?
Vil du stelle andres sår
i det skjulte, år for år,
kjenne gleden som du får
når jeg vil bli hos deg?

Vil du trosse angst og uro,
vil du følge meg,
ta imot deg selv med nåde
på en ukjent vei,
la de ord som jeg har sagt,
folde ut sin skapermakt
tross tvil og selvforakt?
For jeg vil bli hos deg.

Når du kaller, må jeg lytte.
Jeg vil følge deg!
Jeg vil vende om og vandre
på en ukjent vei.
Dit du går, vil jeg gå med,
Herre, la din vilje skje,
for jeg vet at jeg skal se
mitt liv fullendt i deg.

tet, å tru på Jesus. Men det er eit standpunkt, som ein aldri vil angre på. Jesus vil vere med på vandringa og støtte oss gjennom livet.

Vidare står det: «Vil du gå til mine minste på en ukjent vei»? «Mine

minste», kven er så det? Jesus sa at barn er «mine minste». Så du som har teneste med barn i kyrkjelyden, skal vite at Jesus ser på den tenesta, som veldig viktig. Du gjer ei stor teneste for Jesus.

«Vil du tåle onde blikk, stå igjen når noen gikk? Av og til vil vi som vil følge Jesus, få vonde blikk. «Du skal gi dem alt du fikk». Det har å gjere med det mest sentrale i evangeliet; alt av nåde, miskunn og kjærleik som vi har fått ifrå Gud, det skal vi gi vidare til andre.

I tredje verset står: «Vil du åpne blindes øyne». Det er å utlegge Guds ord på ein slik måte at menneske kan kome til tru på Jesus. Det er evangeliet om tilgjevinga, ved Guds nåde og forsoning, som slettar ut syndene. Vi som vil tene i

Guds rike, skal ta oss av menneske som er blitt såra av andre.

I det fjerde verset står «vi vil trosse angst og uro». Det er evangeliet om tilgjeving for syndene som set menneske i fridom.

«La de ord som jeg har sagt, folde ut sin skapermakt tross din tvil og selvforakt». Vi kan tenke stort om oss sjølve, for Gud har skapt oss i sitt bilete. Herren «vil bli hos oss».

Det femte verset er vidunderleg: «Når du kaller, må jeg lytte». Det er Gud som seier dette om våre bønner. Når vi ber til han, så vil Gud lytte.

«Jeg vil vende om og vandre på en ukjent vei». Av og til treng vi å gjere ei kursendring med våre liv. Då vert det som det står vidare: «Dit du går, vil jeg gå med. Herre, la din vilje skje». Det er ikkje så lett å seie «skje din vilje». Men det er til det beste for oss. Fordi «jeg vet at jeg skal se mitt liv fullendt i deg». Det er vårt overordna mål; at våre liv skal bli fullenda i Jesus Kristus, når vi ein gong skal forlate dette livet, og så for all tid vere heime hos Gud. Det vert ein stor dag for alle som trur på Jesus. Guds fred og nåde over deg! Han vil vere hos deg!

Holmely - omsorg og retreat

Dagleg leiar, Holmely - Eva S. Langseth



Normisjon sin einaste retreatstad ligg som ei perle like i sjøkanten på Bryggja i nye Stad kommune, med vakker utsikt over fjord og holmar – nær skog og fjell.

Holmely ligg berre eit steinkast frå Fjordly ungdomssenter og har i snart 30 år tilbydd dagar med stillheit, diakonal undervisning, kvile, forbøn og medvandring blant anna gjennom ulike retreatar, undervisningstema og samtalar. Dei siste åra har vi òg hatt eigne kveldssamlingar med fellesskap, song, bøn og lovsong. Staden brukast òg til ulike selskap, booking og anna opphald etter avtale.

Kvar fredag (utanom skuleferiar) har vi open bønелunsj kl. 11.30 – 12.30, i samarbeid med Fjordly. Ta med matpakke og kom innom!

No 23.-25. september kjem Rolf Kjøde, eit kjent namn for fleire, for å undervise under Bibelhelga «Det heilage folket». Vi kjem til å ha opne møter både laurdag og søndag. I oktober vil vi ha vekking som tema, og Geir Otto Holmås vil undervise rundt tema «Vekkelsen vi trenger». Vidare i oktober og november vil vi samle oss rundt tema «Oppreist - fri- levande» med Kari Holmås. Vi trur desse helgene blir oppbyggjelege og gode!

Mange av oss opplever at livet blir meir og meir krevjande, både i eige liv, men òg situasjonen i samfunnet og i verda. Vi på Holmely ønskjer å formidle håp i ei skiftande tid. Ikkje eit håp i oss sjølve, men eit håp i Han som kallar seg sjølv for verdas lys. Vi har ingen lettvinte svar, men ønskjer å være ærlege på livet slik det faktisk er og gå den vegen som krevst! Om du ønskjer nokon å vandre saman med, ta kontakt!

For meir info om Holmely:

www.holmely.no

Fjordferd

BEGRAVELSESBYRÅ

STRYN • VOLDA • STAD



Alltid til teneste ved dødsfall og gravferd



Sjå heimesida vår for prisar
www.fjordferd.no

Tlf. 458 50 300

- Vi er her for deg når du treng oss -
Siv-Carina Vikestad - Silje Svarstad

Gravminne

Namne-
tilføyningar

Oppfrisking



EIDE STEIN AS

www.eidestein.no

712 99 250



- i samarbeid med Fjordferd Begravelsesbyrå



Bufetat

Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?

No er det behov for fleire fosterheimar
i ditt nærområde. Den norske kyrkje
samarbeidar med Fosterheimstenesta
i Sogn og Fjordane om å finne fosterheimar
i menighetene.

Meir informasjon om fosterheim på

fosterheim.no

Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Treklang del 3

Den Paulinske treklangen lyder slik: «Så vert dei verande desse tre: tru, von og kjærleik. Og størst av dei er kjærleiken.» Dette står i Paulus sitt første brev til korintarane kapittel 13, vers 13.

Tidlegare i år har eg skrive om tru og von. Denne gongen vert det noko om kjærleik.

Legg merke til at der står størst av dei. Kanskje nokon har tenkt at tru er der største. Men her står at kjærleiken er størst.

Kjærleik er eit innhaldsrikt ord, og kvar einskild av oss gjev det eit innhald.

På gresk er der tre ord for kjærleik. Det første er **eros**. Det er den erotiske kjærleiken. Dette ordet finst ikkje i det nye testamentet.

Det andre ordet er **filia**. Det er den kjærleiken som finn si årsak i den andre.

Eg elsker deg fordi du bryr deg om meg. Eg elsker deg fordi du er så vakker. Eg elsker deg fordi vi har felles interesser, og så vidare og vidare. Det kan vere ein vaklande kjærleik.

Det tredje ordet er **agape**. Det er den kjærleiken som elsker for kjærleiken si skuld. I agapekjærleiken er det ikkje spørsmål om kjensler, om det å like eller mislike. Den viser seg i holdning og handling.

Agape er Guds kjærleik. Gud elsker med ein evig kjærleik. I 1. Joh. 4.8 står der: «Gud er kjærleik», og i vers 7 står der at «kjærleiken er frå Gud». «Gud syner sin kjærleik til oss med di Kristus døydde for oss medan vi endå var syndarar». Rom 5.8.

Eit nytt bod

Jesus sa: «Eit nytt bod gjev eg dykk. De skal elska kvarandre. Som eg har elska dykk, skal de elska kvarandre». Joh 13.34.

På bordkalenderen min stod ein dag: «Kunne vi telle himmelens stjerner, trærne i skogen, smilene gjennom et liv.....Likevel kunne vi ikke telle alle de måter Vår kjære Himmelske Far har vist oss sin kjærlighet.»

Gud elsker oss ikkje fordi vi er verdifulle. Vi er verdifulle fordi Gud elsker oss.

Lat oss gjere det beste i livet, og gjere det beste ut av livet for dei vi lever saman med!

Symbolet for kjærleik er eit hjarte

Hjarte har vi i fleire kulørar og utformingar og til ulike bruk. Nokre i gull eller sølv og andre i ull eller papir. Lat dei få minne oss om kjærleiken

I litteraturen er kjærleiken eit viktig tema. I sommar har eg lese på nytt nokre bøker som har sett merke i meg om dette emnet. Eg las gjennom Høgsonen i Bibelen og boka «Brevet til kjærleiken» av Jan-Magnus Bruheim. Eg tek med eit par setningar frå den. «Du (kjærleiken) rislar gjennom blodårane som svalt levande vatn. Du brenn i mitt hjarta som varme strålar frå sola.

I boka «Viddas mor» av Hans Melien er det skildra eit rikt samliv, rikt på kjærleik og oppofring, trass fullstendig fattige på jordisk gods og gull.

No er treklangen full. Eg avsluttar med eit vers av Olaf Hillestad:

Styrk da vår tro!
Tenn håp i vårt sinn,
Fyll hjertet med
kjærlighet varm!
Så går vi frimodig til
tjenesten inn
i ly av din utstrakte
arm.





Slekt
skal følgje
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Sokna Innvik - Utvik - Olden - Hornindal - Randabygd - Nordsida - Stryn - Loen - Oppstryn

Oppstryn

Vigde:

18.06. Ingvild Reitan og Rolf Olav Gjörven
02.07. Drude Aarnes Sjøgaard og Mats Haugland
22.07. Jannice Maria Elisabeth Rahm og Per Gunnar Hedberg

Nedstryn

Døpte:

05.06. Ivar Hollsten. For. Lise Helen Hollsten og Endre Hollsten Vonheim
05.06. Lukas Mykland. For. Henriette Svarstad og Dag Børge Mykland

Vigde:

18.06. Kathrine Beinnes og Geir Ove Vinsrygg
25.06. Siri Anita Gytri Bjørnnes og Arve Skaare
16.07. Agathe Zoe Sunde og Rune Jonny Fagerland
23.07. Maiken Bergheim Paulsen og Jarle Midthjell Gjörven

Døde:

12.06. Petra Malene Hool f. 1926
26.06. Eivind Kåre Brekke f. 1929
29.06. Kaino Anneli Sunde f. 1935
03.07. Steffen Ekern Glosvik f. 1998
11.07. Gunnar Christian Hatledal f. 1953
06.07. Aud Støyva f. 1936
26.07. Matias Jonas Aarvik f. 1946

Loen

Døpte:

19.06. Håkon Sebastian Sæten. For. Malin Ek Bråtene og Ole Kristian Sæten

Vigde:

25.06. Lene Celine Brandt og Terje Målsnes
23.07. Malin Mindresunde og Mats Mølbach-Nielsen Vigeland
06.08. Matilde Knardal Henriksen og Raymond Øren
06.08. Malin Unneland og Ole-Mathias Nygård
20.08. Henriette Sund Aag og Gerhard Skorpen

Døde:

08.06. Dorteia Auflem f. 1925

Olden

Døpte:

05.06. Leonel Jangård Sundbotten. For. Elise Steen Jangård og Aleksander Sundbotten
05.06. Jørgen Nesje-Solheim. For. Line Muri Nesje og Espen Solheim
12.06. Benjamin Høgalmen Holko. For. Birte Krogh Høgalmen Holko og Alexander Høgalmen Holko
10.07. Mateo Beinnes Sandvik. For. Janne Helen Torvund Beinnes og Arild Sandvik

Vigde:

11.06. Linn Kristin Torvund Beinnes og Stian Myklebust
18.06. Oddny Marie Sagerøy og Roger Saugestad
20.08. Maria Norman Kvenshage og Øyvind Skarstein Sandnes

24.08. Linda Janick Rauschenbach og Alexander Schulze

Døde:

10.06. Rasmus P. Skarstein f. 1931
16.06. Oddny Beinnes f. 1930
03.07. Arild Helge Sætren f. 1960
30.07. Steinvor Yri f. 1940
01.08. Anders Beinnes f. 1944
02.08. Eli Kristianden f. 1928
07.08. Anne-Mari Revheim f. 1944

Innvik

Døpte:

17.07. Emil Drageset Hestnes. For. Lene Drageset og Even Hestnes

Døde:

12.07. Arve Reidar Haugen f. 1943

Utvik

Døpte:

24.07. Tarjei Hilde Skrede. For. Veronica Hilde og Fredrik Skrede
20.08. William Bjerknes. For. Cathinka Marie Linnes Digranes og Thomas Bjerknes

Vigde:

04.06. Tonje Skotte Ferstad og Jørn Petter Rye Hestenes

Døde:

19.07. Brita Bruland f. 1922
26.07. Eli Bruland f. 1924

Nordsida

Døpte:

06.06. Olai Haukenes Ulvedal. For. Aina Beatrice Haukenes Holand og Hans Markus Ulvedal

Vi les

Bibel saman!



Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Den fattige enkja som gav

av Beate Nes



Jesus snur ofte opp ned på ting når han har noko han vil lære oss. Og ofte løfter han fram det vi tenker på som smått.

Ein gong sette Jesus seg midt imot tempelkista og såg på korleis folk la pengar i henne. Han såg at mange rike kom og at dei gav mykje. Så kom det ei fattig enkje som la i to småmyntar, verdt nokre få øre. Då kalla Jesus læresveinane til seg og sa: «Sanneleg, eg

seier dykk: Denne fattige enkja har gjeve meir enn nokon av dei andre som la pengar i tempelkista.


Venene til Jesus såg forundra på han. For dei hadde sett kor lite ho gav, og kor mykje dei før ho hadde gitt.

Jesus smilte og sa: Dei rike gav alle av si overflod, men denne kvinna gav av sin fattigdom alt det ho eigde, alt det ho skulle leva av.

Dette sa han ikkje for at vi skulle gi bort alt vi eier, men for å lære oss at det ikkje er ein konkurranse om å gi mest, og at når vi gir med hjartet, så ser han det og vil bruke det godt.

Til samtale:

Tenk igjennom; har vi noko vi kan gi til Gud i dag? Det kan vere pengar, men det treng ikkje vere det. Eg trur også han ville bli glad om vi gav bort litt av vår tid til nokon som treng det.



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Sjå også heimesida: **stryn.kyrkja.no** og på facebook: **Kyrkje i Indre Nordfjord**
Heimeside: **www.volda.kyrkja.no**

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i ei av dei andre kyrkjene.

25. september; 16. s i treeiningstida – Matt 11, 16-19

- Nedstryn 11:00 Hausttakkegudsteneste. Utdeling av 4 årsbok
- Nordfjord fritidssenter, Nordsida 11:00 Hausttakkegudsteneste. Utdeling av 4 årsbok

02. oktober; 17. s i treeiningstida – Mark 5, 35-43

- Loen 11:00 Hausttakkegudsteneste. Utdeling av 4 årsbok
- Olden 11:00 Hausttakkegudsteneste. Utdeling av 4 årsbok
- Hornindal 11:00 Hausttakkegudsteneste / familiegudsteneste. Skapt. Utdeling av 4 årsbok

09. oktober; 18. s i treeiningstida – Mark 1, 40-45

- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Oppstryn 20:00 Syng med oss.

16. oktober; 19. s i treeiningstida – Luk 9, 57-62

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste med konfirmantjubileum
- Nordfjord fritidssenter, Nordsida 11:00 Gudsteneste
- Utvik 11:00 Gudsteneste

23. oktober; 20. s i treeiningstida – Matt 18, 1-11

- Oppstryn 11:00 Hausttakkegudsteneste. Utdeling av 4 årsbok
- Randabygd 11:00 Hausttakkegudsteneste

30. oktober; Bots- og bededag – Luk 15, 11-32

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste med presentasjon av dei nye konfirmantane

06. november; Helgemessesøndag - Luk 6, 2023

- Nedstryn 11:00 Gudsteneste. Minnedag for Oppstryn, Nedstryn og Loen
- Innvik 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 19:00 Minnegudsteneste / Helgemesse
- Randabygd 20:00 Helgemesse for Nordsida og Randabygd sokn

11. november; fredag

- Betania Ung messe og ope hus

13. november; 23. s i treeiningstida – Matt 24, 35-44

- Randabygd 11:00 Gudsteneste

20. november; Kristi kongedag (Domssøndag) - Joh -, 39-41

- Loen 11:00 Gudsteneste
- Olden 11:00 Gudsteneste
- Hornindal 11:00 Gudsteneste



Hjelmeland

BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt byrå i Nordfjord sidan 1978

Vi er her når du treng oss som mest,
og hjelper deg med å lage ei personleg,
fin og verdig gravferd.

Slik som du ynskjer.

Tlf. 905 50 905

Sjå vår nye heimeside: www.hjelmeland.as

STRYN ENØK AS

TOSHIBA
VARMEPUMPER

Treng du ny varmepumpe?
Eller service på den du har?
Ta kontakt, rask levering til rett pris
Salg - Montering - Reparasjon - Service

Alv Terje Glomnes - mob. 921 40704
www.senok.no



INNVIK
FJORDHOTEL
Misjonsheimen

Catering: koldtbord, snittar, kaker m.m.
Fødselsdagar, selskap, møte og kurs.
Innvik Fjordhotell, Misjonsheimen AS
6793 Innvik, tlf. 57 87 49 90
e-post: post@innvikfjordhotell.no
www.innvikfjordhotell.no



Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane 6, 6788 Olden

Ingen velsignelse er så stor som
arbeidets; og bare det mennesket
som har arbeidet hardt hele sitt
liv, kan si: "Jeg har levet"
(Johann Wolfgang von Goethe)

"Kjærligheten måles ikke
etter hvor mange ganger vi
rører ved hverandre, men
etter hvor mange ganger vi
når hverandre"

Å leva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå;
Å leva, det er i arbeid
mot rikare mål å trå.

Å leva, det er i livet
Å finna det største verd;
Å leva, det er å vinna
Til sanning i all si ferd.

Å leva, det er å leggja
All urett og lygn i grav;
Å leva, det er som havet
Å spegla Guds himmel av.

Neste nummer får du i posten rundt 01. Desember. Redaktør vert Jarle Hessevik.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: jarle.hessevik@eninvest.net innan 28. Oktober.